

Edvin Bauge  
Kvistevegen 95  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3495 - 21/36633

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
02.06.2021

## Melding om forureining og forsøpling av grunn - gbnr 453/1-7 Boga

**Tiltak:** Opprydding grunn  
**Byggjestad:** Gbnr 453/1-7 Boga  
**Tiltakshavar:** Rune og Venche Karin Bauge, Edvin Bauge, Vidar Bauge, Leif Bognøy, og Øystein Bauge

Alver kommune har den 19.04.2021 blitt gjort merksam på at det ligg mengder med avfall og boss og ein del andre rustne gjenstandar på eigedommen dykkar med gnr. 453, bnr. 1 til 7, Boga. For ei oversikt over kva for boss/avfall det gjeld, viser vi til vedlagte bilete dokumentasjon.

I følgje eigedomsregisteret er det de som står som eigare av området, og dette brevet blir difor sendt til dykk.

Alver kommune reknar avfallet som ligg på eigedommen både som forureining og forsøpling, og som eit ulovleg tilfelle etter forureiningslova.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Det er vidare etter forureiningslova § 28, 1.ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjemmaende eller være til fare eller ulempe for miljøet». Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28, 3. ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp.

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøkje meldingar som kjem inn til kommunen. Vi ber difor om ei tilbakemelding om:

- tilhøva på staden
- plan for vidare skadebegrensande tiltak basert på omfanget av forureininga og forsøplinga og effekten av iverksatte tiltak

**Frist for tilbakemelding vert sett til 10.07.2021.**

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å rydde opp, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Skriftleg tilbakemelding sendast til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48
- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i saka, ver vennleg og referer til **saksnr: 21/3495**.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

IMG\_20210416\_114039  
IMG\_20210416\_114044  
IMG\_20210416\_114054  
IMG\_20210416\_114139  
IMG\_20210416\_114345  
IMG\_20210416\_114358  
IMG\_20210416\_114421  
IMG\_20210416\_114429  
IMG\_20210416\_114441  
IMG\_20210416\_114500  
IMG\_20210416\_114517  
IMG\_20210416\_114547  
IMG\_20210416\_114607  
IMG\_20210416\_114625  
IMG\_20210416\_114713  
IMG\_20210416\_114751  
IMG\_20210416\_114811  
IMG\_20210416\_114616

**Mottakarar:**

Edvin Bauge	Kvistevegen 95	5936	MANGER
Leif Bognøy	Kvistevegen 97	5936	MANGER
Rune Bauge	Kvistevegen 83	5936	MANGER
Venche Karin Bauge	Kvistevegen 83	5936	MANGER
Vidar Bauge	Kvistevegen 125	5936	MANGER
Øystein Bauge	Radøyvegen 1342	5936	MANGER